

«Det var gut, som i hond var ‘kje valen»

Storegut, sterk telemarking

Olav Solberg

«Storegut har alltid funnest», hevdar NRK-mannen og vinbyggjen Åsolv Edland i jubileumsutgåva av Vinjes diktforteljing *Storegut* (2018). Slik kunne Edland skrive, han som hadde vakse opp med Vinje-songar i skulen, og på grannegarden til Plassen («Plassevja») der forfattaren hadde levd barneåra sine. Det same kunne Aasmund Olavsson Vinje sagt sjølv. Frå barnsbein hadde han høyrte faren og andre i heimbygda fortelja om Olav Olavsson Edland, den kjempesterke karen som vart borte i fjellet på mystisk vis, truleg drepen av ein fiende. Rykta gjekk, mange hadde leita, men ingen hadde funne liket. Ingen hadde tilstått noko drap heller. Men det fanst dei som hadde sett Storegut gå att inni fjellheimen (Berge 1906 s. 41–42). Dette var eit mysterium, ei spennande historie.

Det har alltid vore delte meiningar om *Storegut*. Mange har hatt visse innvendingar og særleg peika på dårleg episk samanheng mellom dei ulike dikta, og på at enkelte dikt står fjernt frå handlinga. Interesse var heller ikkje stor i byrjinga. *Aftenbladet* var den einaste dagsavisa i Christiania som omtala diktforteljinga då den kom ut, fortel Vinje-biografen Olav Vesaas. Her heiter det at Storegut «med al sin fysiske Kjæmpestyrke og sin Godslighed i Grunden [er] en temmelig kjedelig Person» (Vesaas 2001 s. 358). Andre har vore langt meir positive. Og når *Storegut* kjem ut på nytt til Vinjebileet, er det eit uttrykk for at verket stadig blir oppfatta som ein Vinje-klassikar, kanskje ein norsk klassikar? Dette kjem eg tilbake til. Med diktforteljinga si ynskte Vinje å lyfte den sterke telemarkingen opp og fram, over det lokale, bygdenorske og ut i verda. Korleis lykkast han med det? Kva slags helt er Storegut?

Storegut blir til

I følge Vinje-granskaren Olav Midttun hadde Olav, ein yngre halvbror av Aasmund, sett notatar («oppskrifter») til *Storegut* hos broren så tidleg som i 1851. Det som i alle høve er sikkert, er at Vinje nemner bokplanane i eit brev til slektningen og læraren Torgeir Stefansson Vinje i 1858. I brevet skriv han:

Jeg lever som sædvanlig godt og skriver nu paa en Bog som jeg kalder den «siste Barde». Det er Olav Blodtapperen eller Baadstodi. Det er paa mit og I. Aasens Normalsprog. Det gaar seint, men jeg kommer mig og læser Oldnorsk mere og mere, som er Rettesnoren. (Vinje 1969 s. 101–102).

Det var nettopp i dette året Vinje omvende seg til landsmålet, og det er nærliggjande å tenkje seg at det er ein samanheng mellom

språkskiftet og planane om den nye boka, kanskje også at Vinje, litt ubeskjedent på dette tidspunktet, kallar landsmålet *sitt* og Ivar Aasens språk. Vinje kan vel ha tenkt at ei bok om ein telemarkshelt, skriven med grunnlag i Vinje-mål, ville gjera Aasens landsmål noko mindre vestnorsk og meir telemarksk?

Nå vart det ikkje noka bok i første omgang. Vinje hadde meir enn nok å gjera med *Dølen*, som kom i gang i 1858. Ikkje før 10. desember 1865 kunne lesarane av Vinjes vekeblad sjå korleis han på dette tidspunktet tenkte seg Storegut-boka. Han brukar nemningane «episk Dikt» og ei «Segn paa Vers om Menns Liv og Lagnad» om prosjektet. Det kan verke som om planane framleis er nokså lause, men dei er kanskje ikkje fullt så lause som det synest? Etter omtalen følgjer så innleiingsdiktet til forteljinga. Det har tittelen «Storegut» (i boka er tittelen endra til «Dei Olavarne»). Elles er det berre mindre endringar. Vinje skriv bl.a. dette:

Eg er meint paa her i Dølen at koma med eit nokot langt Dikt, eit sokallat «episk Dikt», eller kvat eg no skal kalla ei slik Segn paa Vers om Menns Liv og Lagnad. Eit slikt eit Vikublad er ikki den beste Plassen for eit lenger Dikt; men eg har ingen betre Plass, og so fær eg javna det til, so godt eg kann [...].

Eg vil ingenting her paa Fyrehaand fortelja om Mannen min eller mine Karfolk og Kvendfolk i Diktet. Lesaren fær venta til han sjølv seer, om det er nokot at tala om eller ei. Somyket eg ellers vilde likjast Byron, so vil eg ikki likjast honom i det at lata Lesaren straks faa vita Heltens Natur og Lagnad. Kunde eg rett spana Lesaren, so skulde eg vera glad; for han har godt af imillom at liggja paa ein liten Pinebenk [...].

Og hermed skal Lesaren idag liksom faa ei Inleidning til min «Storegut». Titelen er stor og grum nog; det vantar inkje paa det. Stubben for Sundagen verdt lang eller stutt eller slet ingen,

ettersom det fell seg til, og ettersom den «poetiske Musa» er meg naadig eller unaadig til. Ho kann gjerne finna paa at fara reint ifraa meg, denne «nyckfulla qvinnan». Eg veit ingenting, eg; og Lesaren veit likso litet. Vi faa no sjaa baade tvo (Vinje 1971 s. 141).

Vinje har nok visst meir enn lesaren, for i dei neste nummera av *Dølen* i desember 1865 trykte han fleire Storegut-dikt, og vidare utover i 1866, til og med september. I desember 1866 kom så *Storegut* ut på eige forlag. Med nokre justeringar som «styrkte Storeguts plass i forteljninga og gjorde samanhengen betre», vart så *Storegut* gjeven ut på Det Norske Samlaget i 1968. Det er 68-versjonen som er blitt ståande som standardutgåva (Vesaas 2001 s. 351–352).

Ei «sann Soga» – men «nokot idealiserat»

Vinje skriv i innleiinga at det er ei «sann Soga det som stend i denne boki», men legg til at mangt «er elles forgylt og gjort større eller mindre, en det var. Det er nokot idealiserat». Det høyrer med til idealiseringa at Vinje nemmer både Homer og Walter Scott i innleiinga, som førebilete å strekkja seg etter. Tidlegare (i 1858) hadde han dessutan kalla Olav Blodtapparen – forteljaren – «den siste Barde», ein allusjon til Scotts versforteljing *The Lay of the Last Minstrel* (1805). Scotts romantiske forteljing handlar om grensestridar mellom England og Skottland på 1500-talet og er svært ulik *Storegut* både formelt og når det gjeld innhald, men det er den likskapen at forteljaren er ein gammal mann som legg fram det han minnest frå farne tider.

Dette forteljetekniske grepet er ikkje uvanleg. Det er bl.a. brukt i Johan Ludvig Runebergs *Fänrik Ståls sägner* (1848–1860) der forfattaren skildrar krigshendingar mellom Sverige

og Russland («Finskekrigen», 1808–1809). I tillegg til det fortelletekniske er det ein viss likskap i emne mellom Runebergs og Vinjes diktforteljingar, for både gamle- Olav Blodtapparen og Storegut blir utskrivne som soldatar, og ikkje så få dikt handlar om tilhøvet deira til krig- og krigføring, t.d. «Olav verd Hermann», «Storegut tek imot sine Herklede», «Det stend Age av Kongens Umbodsmenner» og «Storegut med seks Brøder gjeng i Krig». Det sistnemnde diktet knyter seg intertekstuelt til eitt av Runebergs mest kjende dikt, «Sven Duva», som står i *Fänrik Ståls sägner*. Eg kjem tilbake til dette.

Elles gjer Vinje eit poeng av at *Storegut* er «sann i sine store Drag», og at dette er avgjerande for verdien av verket. Sant i ei slik allmenn tyding skreiv både Homer og Scott, meiner han. Vinje kjende truleg også Andreas Fayes *Norske Sagn* (1833) som hadde kome i nyutgåve i 1844, og det kunne kanskje vore meir nærliggjande med ein referanse til dette verket. I innleiinga til segnsamlinga peikar Faye på den store verdien historiske segner kan ha for «Digteren og Yndere af Digtekunsten.» Når Vinje brukar segntradisjonen om Storegut som underlag for ei ny, idealisert diktforteljing, er det i Fayes ånd. Welhaven, ein mann Vinje sette høgt, og som han tileigna *A Norseman's View of Britain and the British* (1863), bygde mange av sine dikt på Fayes segner.

Handling og form

Handlinga i *Storegut* spenner frå 1740-åra til litt inn på 1800-talet. I godt og vel 30 dikt (alt etter som ein reknar) skildrar Vinje ulike sider ved bygdelivet i Øvre Telemark. Vi får eit bilete av den gamle omgangsskulen (der Vinje sjølv hadde vore både elev og lærar), av gjæting i skog og mark, av slagsmål og krafttak, av militærlivet. Storegut er med i krigen mot svenskane, han prøver seg som skattegravar og møter huldra og andre overnaturlige makter. Og

han er med til messe i Røldal. Ikkje minst skaffar Storegut seg ein dødsfiende, og av denne fienden blir han skoten, i bakhald.

Hovudpersonane er historiske. Desse er gamle-Olav, eller Olav Olavsson Nordigard Edland (1737–1815). Han vart kalla «Blodtapparen» i heimbygda fordi han tappa blod av folk, ei kjend hjelperåd i folkemedisinen. Helten i diktforteljinga er Olav Storegut, eldste son til gamle-Olav, og fødd i 1764. Han kom bort i fjellet i 1791. I følgje tradisjonen skulle han ha blitt skoten og graven ned av ein fiende, som også heitte Olav – Olav Råntveit (1727–1809), alias Gunnstein Grytebekk i forteljinga. Grytebekken hadde dårleg ord på seg, og skal ha lagt Storegut for hat. Rikard Berge skriv likevel at Olav Råntveit er «teikna myrkare enn han forténte, liksom Storegut og daa visst Blodtapparen, er teikna ljósare og betre» (Berge 1906 s. 63). Forutan desse tre møter vi fleire bipersonar i statistroller, dei fungerer stort sett til å kaste lys over hovudpersonane, særleg Storegut. Den første delen av denne kronologiske, men nokså laust strukturerte forteljinga handlar om gamle-Olav Blodtapparen, den andre og mest omfattande om Storegut.

Formelt er *Storegut* svært variert, med heile 29 forskjellige strofeformer og skiftande versemål, i følgje Reidar Djupedal (Vinje 1968 s. 126–127). Vinje nyttar det klassiske versemålet *heksameter* i «Dragsmålet». Eit klassisk strofemønster ligg til grunn for «Olav verd hermann» – den såkalla *Spenser-stansaen* (etter Edmund Spensers 1500-talsdikt «The Faerie Queene»). Vinje har truleg lært denne Spenser-stansaen av Byron. Kvifor gjer Vinje bruk av så mange klassiske strofeformer? Kvifor så stor variasjon når det gjeld versemål? Djupedal tenkjer seg at «ved å byte på versemål og strofebygning får Vinje fram det omskiftelege og springande i innhaldet». Han seier vidare at «å dikte i folkevisestil ville einslete innhaldet og ikkje gje diktaren stort nok poetisk armslag».

Men krevst det verkeleg så mange som 29 forskjellige strofeformer for å skapa variasjon i ei trass alt ikkje så svært omfattande forteljing? Grunnen til variasjonen er vel like gjerne den at Vinje vil vise lesarane kor godt han kan utnytte teknisk krevjande strofeformer. Særleg tek han sikte på at det formelle skal støtte opp under helteskildringa i *Storegut*. Storegut skal lyftast opp på eit europeisk nivå, bli ein klassisk helt. Då må han også skildrast i klassiske vendingar. Det er derfor eit paradoks at det Storegut-diktet som gjerne blir trekt fram som eit av Vinjes aller beste dikt, er skrive i enkel nystev-form: «Det syng fyr Storegut».

Elles er det ikkje rett når Djupedal skriv at Vinje ikkje nyttar balladeversemål og folkevisiform i *Storegut*. Spesielt i siste del av forteljinga står det dikt som viser at Vinje (sjølv sagt) var fortruleg med den gamle vise- og songtradisjonen i Telemark og kunne utnytte den på ein glimrande måte. Enkelte dikt kan kallast kunstballadar, som «Eivind Aalandslid». Strofemønstrer er ei gammal- song- og folkevisestrofe som går attende til Edvard Storms døleviser (Lie 1967 s. 680). Welhaven var blant dei som brukte denne rytmisk drivande strofeforma i springartakt. Når det gjeld Eivind Aalandslid i Vinjes dikt, er han ein nokså tvilsam karakter som nektar å betala det han skuldar, til «gamle Ivar Aa». Men Storegut set han sjølv sagt på plass, etter at Eivind har briska seg ei stund:

Men han Storegut han stod og flirde kaldt.
 Varmer Ord han ikkje trengde.
 Med den vinstre Hond ein Tunnesekk med Salt
 tok han og paa Oksli slengde;
 svingad Sekken upp til Munnen som ein Dram,
 leikad der paa Golvet med 'om att og fram.
 Daa vardt Eivind bleik,

og paa Folk han skreik.
Her var den, som Eivind dengde.

Svint or Kista si han hundrad Kronor tok,
– Pengar tunge er aa bera –.
Og han Storegut'en varmt i Hondi skok,
sagde: «Me skal Viner vera!»
Men han Storegut'en svarar: «No skal du
um fraa alle dine vonde Vegjer snu!
Ser eg ikkje, fort
at det verder gjort,
skal med meg du faa aa gjera!»
(Vinje 1993 s. 283–285)

Kjempekar-tradisjonen

I utgangspunktet er Storegut rett og slett ein stor og sterk telemarking som likar å slåst, og som bankar opp fleire av dei han møter. Han prøver styrken mot kameratar, han opptrer som «torpedo» for «gamle Ivar Aa» i visa om rikingen Eivind Aalandslid, han slåst og drep motstandarar i krigen, han rister i Grytebekken og henger han ut som tjuv til spott og spe. Arbeid i vanleg meining ser det ikkje ut til at Storegut driv særleg med, om vi ser bort frå at han gjæter buskapen.

Det fanst mange sterke karar i Telemark på Storeguts tid, og det gjorde det i mange andre innlandsbygder også, som t.d. i Hallingdal, Valdres og Setesdal. Av alle dei sterke telemarkingane er seljordingen Sterke-Nils (1720–1800) ein av dei meir kjende, berømt bl.a. for å ha lyft ein stein på 570 kilo. Bygdediktaren Jørund Telnæs skreiv som mange veit, ei diktforteljing om denne trauste karen. Ein annan sterk seljording heitte Svein Halvorsen

Utgarden (1758–1841). Han «slost mykje i ungdomen» heiter det i tradisjonen, og var «so breidaksla at han måtte setja den eine oksli fyri når han skulde inn gjennom dynni».

Hans Jakob Wille, prest i Seljord i 1780-åra, sette ikkje særleg pris på verken Svein Halvorsson eller andre på Utgarden. Wille skriv at «Udgaarden [er] som et nyt og levende Mindes-Merke af den gamle UTGARDI LOKE.» Han legg til at Utgarden «har ellers indtil vore Tider havt Beboere af yderlig Ugudelighed» (Wille 1989 s. 25). Kanskje det, men like fullt vart Svein Halvorsson i samband med valet til Riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814 oppnemnd til valmann frå Seljord, saman med soknepresten (Solberg 2019 s. 118–119).

Helteskildringa

Jamvel om det ikkje er nokon tvil om at kjempekar-tradisjonen har inspirert Vinje, er han ikkje interessert i at vi skal oppfatte Storegut berre som ei gjennomsnittleg telemarksk slåsskjempe. Kva gjer forfattaren for at lesarane skal sjå Storegut som noko meir enn det, som ein helt, kanskje til og med ein tragisk helt? Ein tragisk helt blir gjerne definert som ein person vi ser opp til, ein vi identifiserer oss med. Framstillinga av den tragiske helten skal innehalde ein eksposisjon der helten blir presentert, ei stigning med utvikling, eit vendepunkt der helten blir utsett for eit tragisk mistak, og til slutt fall og katastrofe. Korleis høver dette med Storegut-helten?

Storegut må setjast i samband med noko meir enn berre fysisk styrke, med noko allment som rekk vidare og lengre. Dette ser vi Vinje gjer i opningsdiktet «Dei Olavarne». Alle odelsmenn på garden har heitt Olav, og alle har vore sterke. Av desse er Storegut den siste, og den sterkaste, men også den som til slutt går til grunne:

Slik var det med desse Olavar:
der døydde 'kje Styrken ut;
for av denne store Olavs-Ætt
den sidste var «Storegut».

Ja, det var med detta, som naar du rett
vil ut yver Sjøen sjaa:
Den store Bylgja kjem altid fram
som fødd av dei mange smaa.

Men sidst av den største Bylgja verd fødd
fraa Rulling so breid og rund
den Brotsjø, som velter med kvite Foss
og slær seg paa Sanden sund
(Vinje 1993 s. 259–260).

Vinje plasserer her Storegut i samband med, og tett på, naturen – det store havet. Den store bølga som «slær seg på Sanden sund», blir eit bilete på Storegut. Tragedien ligg innebygd i stordomen.

Eit gjennomgåande trekk er vidare bruken av adjektiva *stor* og *sterk*. Det er ikkje berre snakk om lovprising av store og sterke kjempekarar, men av alt anna stort. Dette byrjar i omgangsskulen. Gamle-Olav fortel, lett ironisk, om den gamle omgangsskulelæraren «Gunnar frå Froland» (i Mo), som ser det som si oppgåve å fortelja om alle store ting:

Ja, Gunnar var klok, um han endaa var halt.
Og Gunnar var komen fraa Froland.
Han lærde meg myket og lærde meg alt
um Goliat, Samson og Roland.

«Og sjøen,» sa' Gunnar, «er fælende stor,
so Bandak ein Dam er imot 'n.
Og Kongerik' store her finst paa vaar Jord,
tenk Russland og Halland og Toten!

Og langt imot Sud der ei Slett er so vid,
sosannt som ei Bøkerna ljuge, –
at der du kann sjaa yver Kongerik' ni,
og Kyrkjor somange som tjuge
(Vinje 1993 s. 261–262).

Militærtenesta gjev den atten år gamle Storegut sjansen til å vise seg fram i all sin storleik. Men det er *eitt* alvorleg hinder: det finst ingen uniformer som passar. Diktet «Storegut tek imot sine Herklæde» handlar om korleis det går når han møter opp på eksisplassen, fylt av forventning. Men så var det dette med uniforma:

Til ein Hermann vardt Storegut skriven,
og i attande Aaret var han.
So han fyrst ut i Verdi vardt driven,
til aa tena fyr Konge og Land.
Det var Gut, som i Hond var 'kje valen,
men til alting aa gjera var før.
So i Telthuset møtt' han paa «Dalen»,
aa taka imot sin «Mundør».

Men til Guten so stor og so fager
var dei Klædningar alle for smaa:
Av dei hundrade Gangar på «Lager»
var der ingen, han kunde faa paa
utan Tøygjing i Ty, so det brakad

i dei største, han kunde faa fatt,
 og med Spaning og Slit so det knakad,
 og Saumarne rivnad og spratt
 (Vinje 1993 s. 279).

Kapteinen er berre glad for «slik ein Storing aa sjaa» og seier til Storegut at han får dra heim til Vinje og koma att om ei stund når dei har fått sydd uniform som passar. Og med den nye uniforma på – i full mundur – kan Storegut prøve styrken mot ein motstandar og medsoldat på nesten same nivå. Det er Knut frå Mo, sterk og tettvaksen. Knut har skrytt og kytt i lange tider og vore såkalla «frikar» i tre regiment, seier kapteinen. Diktet «Dragsmålet» – formelt ein del av «Storegut i si nye Uniform» – handlar om kampen mellom Storegut og Knut. Det er skrive på heksameter, og dette klassiske versemålet gjer at lesaren blir mint om den greske heltediktinga. Vinje-forskaren Sigmund Skard skriv at «kampen har nære Homeriske parallellar, og dei utspunne samanlikningane skal tydeleg minna um Homers». Men det er nok også rett som Skard skriv, at «stormengda av dei talrike lesarar som gjennom åra har gledt seg over «Storegut», har sikkert aldri drøymt um at det i slagsmålsståket på Dalen eksismo blandar seg ein atterljom frå vigvollane ved Troja» (Skard 1938 s. 406–407). Etter ein hard kamp endar diktet med at Storegut kastar motstandaren på hovudet ut av ringen, der kampen foregår:

Men so paa Slut tok han Storegut Tak,
 so mun det mund' taka,
 slik at i Bein og i Bunor eit Brak
 du hørde å knaka.
 Liksom du fyssande Baaten ikring
 kann snu med eit Styre,
 sender han Knut utum inngjerde Ring

med Hovudet fyre
(Vinje 1993 s. 282).

Slagsmålet på Dalen fungerer som ei prøve på Storeguts styrke som soldat i krig. Og i krigen kjem han, i følgje Olav Midttun dreiar det seg truleg om krigen 1788, ved Kvistrum bru. Saman med alle brørne sine deltek Storegut i denne krigen. «Storegut med seks Brøder gjeng i Krig» er skrive i same metriske form (men med halverte strofer) som Runebergs «Sven Duva». Ved sida av den finske fedrelandssongen «Vårt land» er diktet eit av dei mest kjende i *Fänrik Ståls Sägner*.

Som nemnt er *Fänrik Ståls Sägner* komponert på ein måte som minner om *Storegut* – ein gammal gubbe fortel til ein yngre mann det han har opplevd. Men når det gjeld dei to heltane Storegut og Sven Duva er skilnaden svært stor. Sven Duva har så lite forstand at faren fortvilar. Kva skal det bli av sonen, ikkje ein gong soldat duger han til! Og faren ser ut til å få rett, for i hæren gjer Sven Duva «allt på tok» – ingen ting får han til. Men endeleg kjem Sven Duvas store stund då han heilt på eiga hand greier å stanse og slå tilbake ein russisk fiendestyrke ved ei bru, som russarane absolutt ikkje må koma over. Sven Duvas store stund blir hans siste. General Sandels feller denne domen over den finske soldathelten, orda blir vide kjende:

«Den kulan visste hur den tog, det måste erkänt bli,»
så talte generalen blott, «den visste mer än vi;
den lät hans panna bli i fred, ty den var klen och arm,
och höll sig till vad bättre var, hans ädla, tappra barm.»

Och dessa ord de spriddes sen i hären vidt och brett,
och alla tyckte överallt, att Sandels talat rätt.

«Ty visst var tanken», mente man, «hos Duva knapp til
 mått
 ett dåligt huvud hade han, men hjärtat det var gott»
 (Runeberg 1939 s. 55–56).

Om Storeguts krigsinnsats heiter det:

Dei sagde han fyr tjuge slog
 og skaut og stakk og skar.
 Og fram ei stor Kanon' han drog,
 då Hestann' skotne var.

Daa Brødrann' fall, i Skum han svam,
 so harm han skalv og skok,
 og dreiv som Fe dei Rædde fram,
 og so til Kniven tok.

Som Kyrkjeklokka ropar han:
 «Hau, Gutar! dette høyr!
 Den Guten, som er rette Mann,
 han vinner elder døyr»!
 Vinje 1993 s. 292).

Storegut er nok ein krigshelt, men ingen tragisk helt. Han overlever. Sven Duva endar derimot – trass i den komisk-latterlege uforstanden hans – som ein tragisk helt. Han blir i dødsstunda større enn seg sjølv, større enn noko han har vore. Vinje må sjølv sagt ha vore medviten om likskapen mellom Runebergs dikt og sitt eige. Truleg har han meint at det låg ein overføringsverdi i verseform og metrikk (men knapt i karakteristikken av hovudpersonen). Runebergs dikt assosierte til krig og død, men Storegut kunne ikkje døy i krigen. Han skulle leva lenger.

Kjærleik og død

Eitt av Vinjes mest siterte og etter manges meining beste dikt står i *Storegut*: «Det syng fyr Storegut» («Den Dag kjem aldri»). Diktet opnar med 10 introduksjonslinjer med par-rim, og går så over til 5 nystevstrofer, ei verseform som vart mykje brukt i folketradisjonen. Nystevstrofe-sekvensen byrjar slik:

Den Dag kjem aldri at eg deg gløymer;
for um eg søver, eg um deg drøymer.
Um Nott og Dag er du lika nær,
og best eg ser deg, naar myrkt det er.

Du leikar kringum meg, der eg vankar.
Eg høyrer deg, naar mitt Hjarta bankar.
Du stødt meg fylgjer paa Ferdi mi,
som Skuggen gjeng etter Soli si
(Vinje 1993 s. 294).

Det går ikkje fram av diktet kven det er som syng. Det får lesaren vita lenger ut i boka, ein stad der Storegut fell i giftetankar og nemner at det var «Grytebekkens Dotter» som song. Men det er uaktuelt å tenkje seg henne som kjærast, til det er faren for vond og vanskeleg. Mange lesarar ville nok funne det spennande om Vinje hadde laga ein intrige der Storegut og Grytebekkens dotter hadde blitt botnlaust forelska i kvarandre, og der Grytebekken («den vonde Mann») hadde sett seg på bakbeina. Dette kunne ha vore opplegg til ein klassisk-tragisk knute. I verk-samanhengen er det likevel vanskeleg å forestille seg at Grytebekkens dotter er den som syng, snarare kan vi tenkje oss at dei er uttrykk for Storeguts eigne kjensler og lengt. Karakteristisk for nystevet er det musikalske grunnlaget, knytt

til hardingfele og dans, det personlege, subjektive innhaldet og dei enkle formelle krava. Nokon kvar kunne dikte nystev i Telemark, om enn ikkje på Vinjes nivå. «Det syng fyr Storegut» har bl.a. på denne bakgrunnen løyst seg frå Storegut-forteljinga og blitt eit frittståande dikt om kjærleik, lengt, sorg og sakn. Det handlar om oss alle.

Mot slutten av *Storegut* kjem nokre dikt som førebur drapet på hovudpersonen. Vi får først ein presentasjon av drapsmannen, Gunnstein Grytebekk. Han er ein gniar og tjuv som lurar seg fram med knep, blir rik og kjøper seg gard. Storegut rister litt i Grytebekken når han prøver seg mot han, heiter det, men det mest alvorlege er at Storegut lagar ei teikning av Grytebekken som ostetjuv. Denne teikninga kjem ut blant folk og stemplar Grytebekken som ærelaus mann. Dette skaper eit intenst hat hos Grytebekken. Stadnamnet *Grytebekk* finst i Vinje, og som namn på Storeguts fiende er det velvalt. Språkleg er *gryte* avleidd av norrønt *grjót* = stein. I sluttsekvensen av forteljinga er det i steinurda Grytebekken legg seg på lur og skyt Storegut, og det er under kampesteinane i urda han gravlegg den døde. På dødsleiet ankar drapsmannen seg, Storegut ligg på bringa hans som stein, synest han. Drapsmannen er altså framstilt i lys av eit hardt, avvisande materiale, der ingen ting gror.

Drapet kjem ikkje overraskande. Av diktet «Storegut gjeng med Otte» går det fram at Storegut kjenner seg nedfor – ja, dødsmerkt. Det ser ut til å vera lagnaden som vil det slik. Sjølve drapet blir skildra i det lange diktet (38 strofer) «Grytebekken er ute og skyt». Det er eit dikt med veldig episk driv, ein stor-slegen kunstballade i folkevisiform. Vi følgjer drapsmannens førebuingar, men særleg Storegut og buskapen. Buskapen anar at noko vondt er i gjære og blir uroleg. Storegut trur at bjørnen kan vera på ferde og tek rifla med seg opp mot den bratte nuten, der berre Blåmann kan følgje han. Han ser etter varsel i naturen og

merker seg den raude kveldshimlen – «den raude Kveldsol gleim / og gløste med sin Glød.» Er det eit varsel om noko vondt? Ja, for der oppe ligg drapsmanen på lur. Og så smell det:

So bar det upp mot Borddals-Nut
i denne Kveldens Fred.
Med eitt det small, og Storegut
i Urdi stupad ned.

Og Bølingen han beljar i,
der nedanfyrr han stod:
han hørde Smell, og Røyken saag
og kjende Eim av Blod.

Han slapp 'kje upp, so Mordets Mann
Fekk Tid og Stund og Fred,
til Storegut aa mura væl
der kav i Urdi ned.

Han kvart eit Liv, som kom der upp,
av Vegen rydja laut:
Han ladde Rifla si paany
og leikeins Blaamann skaut.
(Vinje 1993 s. 312).

I nokre dikt lenger framme i forteljinga har Vinje introdusert underjordiske makter. Det gjeld «Storegut verd bergteken», «Storegut er med som Skattegravar» og «Storegut verd vitjad av Huldra elder Rove-Guro». Dette gjer at lesaren er førebudd på og lettare blir var dei naturmytiske undertonane i drapssdiktet. Drapsskildringa og det som følgjer etter, inneheld såleis klangar frå døds- og undergangsballadar som «Bendik og Årolilja» og

«Olav Liljekrans», ikkje minst ved at tragedien blir knytt til og forplantar seg i naturen og slik blir forsterka. Storegut går til grunne der, nedgraven i urda. Buskapen deltek i det heile Den trufaste Blåmann blir også skoten, og bølingen stormar til bygda for på sin måte å fortelja at det har skjedd noko vondt og forferdeleg.

Ein norsk klassikar?

Ei vanleg innvending mot *Storegut* har alltid vore at den episke tråden, samanhengen i forteljinga, er uklar og til dels manglar heilt (Vesaas 2001 s. 358–359). Det er ikkje berre det at enkelte dikt står fjernt frå skildringa av Storegut, og kanskje ikkje forsvarer plassen, dikt som «Storegut er med til kongen» og «Jøtunheim». Vel så viktig etter mitt syn er det at helteskildringa, som forteljinga byrjar med, og som har stor plass, liksom ikkje fører til noko – trass alle formelle allusjonar til klassiske dikt. Det heile renn ut i sanden. Vinje greier ikkje å knyte helteskildringa saman med siste del av forteljinga, der Storegut går til grunne og blir drepent. Lesaren skjønar at ikkje alt er som det skal vera med den store helten, som har både jentesorger og anna å stri med, men Vinje maktar ikkje å få liv i han.

Det kan sjå ut som om Vinje har tenkt seg at Storeguts møte med huldra og andre underjordiske makter oppi fjellheimen skulle bidra til å forklara undergangen hans. Om Vinje sjølv var aldri så mykje realist og opplysningsmann, visste han godt at i ei folkeleg forteljing frå Telemarks-bygdene, med handling frå slutten av 1700-talet, kunne ikkje naturmaktene gøymast bort. Trua på overnaturlige makter var levande blant folk flest til langt ut på 1800-talet. Men Vinje har ikkje makta å utnytte det folkloriske stoffet så godt han ynskte – og så godt dette stoffet fortener – med unntak for enkelte dikt, særleg «Det syng for Storegut» og «Grytebekken er ute og skyt».

Er *Storegut* ein norsk klassikar, eit verk som kan tene som mønster? Høyrer Vinjes diktforteljing heime i ein norsk, litterær kanon? Eit krav til eit kanonisert verk er gjerne at det har hatt påverknad på andre forfattarskap, blir lese i skulen (og andre stader), forska på, at det kjem i nye utgåver. Faktisk fekk *Storegut* for ein del år sidan plass i «nordmenns nistepakke» – ein norsk kanon – i Trond Berg Eriksens utval av 64 viktige norske verk (Berg Eriksen 1995 s. 87–91). I *Den norske litterære kanon 1700–1900* (2009) forsvarer Vinje framleis plassen blant dei beste, men denne gongen med *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*. Dei to utvala kan likevel ikkje utan vidare jamførast. Ein grunn er at utvalet av kanoniserte forfattarar og verk i den sistnemnde boka «berre» er på 13 forfattarskap (og to «samlesjangrar» – folkedikting og salmar). Dessutan legg Berg Eriksen vekt på at nistepakka ikkje berre skal innehalde skjønnlitteratur i streng tyding, men også bl.a. sakprosa og barnebøker. I kapitlet om Aasmund Vinje i *Den norske litterære kanon 1700–1900* drøfter Vinje-forskaren Jon Haarberg tilhøvet mellom *Storegut* og *Ferdaminni*, og konkluderer med at i løpet av det 20. hundreåret utkonkurrerte Vinjes reiseskildring *Storegut* som «Vinjes mest kanoniske verk» (Haarberg 2010 s. 85).

Vinjes *Storegut* har hatt evne til å inspirere biletkunstnarar som Henrik Sørensen og Harald Kihle. Teikningane og tresnitte deira av menneske, natur og dyr har blitt ein integrert del av *Storegut*-forteljinga. *Storegut*-dikt har elles lenge stått på repertoaret til kvedarar i den folkelege songtradisjonen. For nokre år sidan (2000) komponerte bratsjisten og komponisten Bergmund Waal Skaslien librettoen *Storegut* (https://no.wikipedia.org/wiki/Bergmund_Waal_Skaslien 28. april, 2021). I 2008 fekk brørne Odd og Aasmund Nordstoga, saman med felespelaren Per Anders Buen Garnås i stand eit konsertprosjekt basert på *Storegut*, med nye melodiar ([https://no.wikipedia.org/wiki/Storegut_\(diktksamling\)](https://no.wikipedia.org/wiki/Storegut_(diktksamling))

28. april, 2021). Men trass i slike gode tiltak har Vinjes diktforteljing utvilsamt kome i bakgrunnen med åra, om vi tenkjer på allmenn interesse, undervisning, forskning. Slikt skjer med mange litterære verk, det er faktisk heilt normalt. Det er ingen automatisk samanheng mellom veikskapar ved eit litterært verk og statustap. Men det styrker sjølvsagt ikkje posisjonen til *Storegut* at diktforteljinga samla sett har fleire veikskapar. Særleg sviktar det i framstillinga av helten, men også i den episke tråden og i enkelte mindre vellykka dikt. Alt i alt er det vel god grunn til å stille spørsmål ved klassikarstatusen til Vinjes diktforteljing om den sterke telemarkingen.

Litteratur

- Berg Eriksen, T. (1995). *Nordmenns nistepakke. En kritikk av den norske kanon*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Berge, R. (1906). *Storegut. Ættesogo og diktverke*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haarberg, J. (2010). Aasmund Olavsson Vinje, i Bjerck Hagen, E. et. al. (utg.) *Den norske litterære kanon 1700–1900*. Oslo: Aschehoug, s. 75–90.
- Lie, H. (1967). *Norsk verslære*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Runeberg, J. L. (1939). *Fänrik Ståls Sägner*. Lund: C.W.K. Gleerups förlag.
- Skard, S. (1938). *A.O. Vinje og Antiken*. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo / Jacob Dybwad.
- Solberg, O. (2019). «'Svein Fjellmann' og Henrik Ibsen». *Telemark Historie*, nr. 40. Bø: Telemark historielag.
- Vesaas, O. (2001). *A.O. Vinje. Ein tankens hermann*. Oslo: Cappelen.
- Vinje, A.O. (1969). *Brev*. Midttun, O. (utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.

- Vinje, A.O. (1971). *Dølen. Eit Vikublad*. Band II. Djupedal, R. (utg.). Oslo: Noregs Boklag.
- Vinje, A.O. (1993). *Skrifter i Samling*. Band V. Ved O. Midttun. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vinje, A.O. (1968). *Storegut*. Oslo: Noregs Boklag.
- Vislie, V. (1929). *Åsmund Vinje. Liv og diktning*. Oslo: Olaf Norlis Forlag.
- Wille, H. J. (1989). *Beskrivelse over Sillejords Præstegjeld*. Espå: Lokalhistorisk forlag.